

Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

## **VEDTEKT**

av februar 2007

Vedteken i følgjande kommunar:

Bokn

Etne

Haugesund

Tysvær

Vindafjord

## INNHALD

	Side
§ 1.	Heimel ..... 2
§ 2.	Deltakarar..... 2
§ 3.	Føremål ..... 2
§ 4.	Hovudkontor ..... 2
§ 5.	Innskotsplikt og eigardelar ..... 2
§ 6.	Låneopptak..... 3
§ 7.	Deltakaransvar ..... 3
§ 8.	Selskapet si leiing ..... 3
§ 9.	Representantskapet si samansetting..... 3
§ 10.	Representantskapet, mynde og oppgåver..... 4
§ 11.	Styret..... 4
§ 12.	Representasjon av selskapet..... 5
§ 13.	Tvistar ..... 5

## § 1. Heimel

Haugaland Interkommunale Miljøverk er eit interkommunalt selskap med delt ansvar, stifta med heimel i lov om interkommunale selskap (1999-01-29 NR 06). Denne vedtekta er utarbeida i samsvar med §4. i lov om interkommunale selskap og inneheld lovas krav om selskapsavtale mellom partane.

## § 2. Deltakarar

Følgjande kommunar deltek i selskapet:

Bokn	Tysvær
Etne	Vindafjord
Haugesund	

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

## § 3. Føremål

Selskapet har ikkje til føremål å driva verksemd som gir utbytte til eigarane. Deltakarkommunane overfører rettane dei har til hushaldsavfall til selskapet. Føremål med selskapet er å:

- 3.1 Utføra kommunane sine oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam, og arbeidsoppgåver som høyrer naturleg saman med desse oppgåvene. Selskapet overtek såleis oppgåver som kommunane etter lova kan overlata til selskapet innafor desse områda, og som skal betalast av renovasjons- og slamgebyret.
- 3.2 Utarbeida gebyrregulativ for hushaldskundar. Gebyra skal etter ein overgangsperiode vera like for like tenester i alle deltakar-kommunane. Gebyra kan varierast etter levert mengde avfall og tenestetilbod.
- 3.3 Utføra andre oppgåver som kommunane og selskapet vert samde om at selskapet skal utføre.
- 3.4 Gje tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk rett.
- 3.5 Søkja samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vera eigar eller medeigar i andre selskap.
- 3.6 Avgjera i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

## § 4. Hovudkontor

Selskapet har sitt hovudkontor ved stiftinga og inntil vidare i Vindafjord kommune.

## § 5. Innskotsplikt og eigardelar

For å bli deltakar i selskapet pliktar ein å betale innskot. Innskotet som den enkelte deltakar betaler, utgjer eigarparten i selskapet. Innskotskapitalen er kr. 177 000,-, og fordelt mellom deltakarane med slik prosentdeling (eigarpart):

<b>Kommune</b>	<b>Eigarpart Prosent av total</b>
Bokn	1,7
Etne	8,5
Haugesund	57,5
Tysvær	17,0
Vindafjord	15,3
<b>Sum totalt</b>	<b>100,0</b>

## § 6. Låneopptak

Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål innanfor ei samla gjeldsramme på kr. 200 mill.

Selskapet skal drivast slik at det ikkje er avhengig av tilskot frå kommunane utover innskotskapitalen.

## § 7. Deltakaransvar

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter, og ansvaret vert delt i høve til kommunane sitt innbyggjartal. Deltakarane sin prosentdel er utrekna i høve til folketalet pr. 01.01.2006.

<b>Kommune</b>	<b>Innbyggjartal 01.01.2006</b>	<b>Prosent av total</b>
Bokn	770	1,4
Etne	3872	7,2
Haugesund	31738	58,9
Tysvær	9349	17,4
Vindafjord	8119	15,1
<b>Sum totalt</b>	<b>53848</b>	<b>100,0</b>

Ansvarsdelinga vert justert årleg i samsvar med SSB sin statistikk for det siste årsskiftet. Slike endringar skal gå fram av årsmeldinga til selskapet, men endringa skal ikkje handsamst som vedtektsendring.

## § 8. Selskapet si leing

Selskapet vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar som administrerer drifta av selskapet

## § 9. Representantskapet si samansetting

Kommunane skal vere representert i representantskapet slik:

<b>Kommune</b>	<b>Representantar</b>
Bokn	2
Etne	2
Haugesund	4
Tysvær	2

---

Vindafjord	2
<b>Sum totalt</b>	<b>12</b>

Elles gjeld følgjande for samansetting av representantskapet:

- Kommunestyret vel medlemmer til representantskapet og minst like mange varamedlemmer som faste medlemmer.
- Medlemmer i representantskapet vert valde for 4 år. Kommunestyret kan i valperioden foreta nyval, som då gjeld for resten av valperioden.
- Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar
- Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vera medlem i representantskapet.
- Ved kommunesamanslåing skal samansetjinga av representantskapet endrast slik at dei samanslegne kommunane vert representerte med talet på representantar frå den største av dei samanslegne kommunane.
- Kommunar med meir enn 30 000 innbyggjarar skal ha 4 representantar.

## § 10. Representantskapet, mynde og oppgåver

Deltakarkommunane utøve sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt i samsvar med lover og vedtekt.

Møte i representantskapet skal haldast kvart år innan utgangen av mai månad, og skal då handsame desse sakene:

1. Årsmelding med revidert årsrekneskap frå styret
2. Økonomiplan og budsjett
3. Framlegg frå styret om opptak av lån
4. Fullmakter til styret

Dessutan skal representantskapet handsama:

- Val av leiar og nestleiar i representantskapet
- Val av styremedlemmer til styret
- Val av leiar og nestleiar til styret
- Val av revisor
- Om styret skal ha varamedlemmer og kor mange
- Fastsetjing av godtgjersle til representantskap og styre
- Pantsetjing av selskapet sin eigedom
- Framlegg om endring av vedtekta for selskapet

## § 11. Styret

For styret gjeld følgjande:

- Styret i selskapet skal ha 7 medlemmer. Eventuelle styremedlemmer frå tilsette kjem i tillegg.
- Styret skal vera samansett slik at det alltid er med minst 40% av begge kjønn og at både distrikts- og sentrumsområde er representert.
- Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år. Attval kan finna stad.

---

## **§ 12. Representasjon av selskapet**

Styret representerer og forpliktar selskapet. Styret kan delegera representasjon og forplikting i samsvar med lova sin § 16. Dagleg leiar representerer selskapet ut i saker innafor sitt mynde.

## **§ 13. Tvistar**

Tvist om tolking av vedtekta vert avgjort med bindande verknad ved voldgift etter reglane i tvistemålslova.

-

----- Slutt -----